

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Møllendalsbakken 9/Video kode 998290
MØTETIDSPUNKT: 17.11.2016 Kl. 16:00 – 17:00

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Olav Godtfred Klausen	Fungerande leiar
Jon Bolstad	Medlem
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Per Karlsen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Bente Mari Rolfsnes	Medlem
Gunvald Iversen	Medlem

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Ola Rye	Kst. Adm. Dir
Berit Berntsen	HR og organisasjonssjef (referent)

SAKLISTE

- Sak 060/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 061/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 09.11.2016
Sak 062/16 Sluttrapport utredning nasjonalt sjukehusapotekføretak
Sak 063/16 Revidert møteplan 2017

UNDERLAG

- Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt

Saker til orientering:

- Sak 064/16 Eventuelt
Skriv og meldingar

Lukka del

Ingen saker

OPE DEL**Sak 060/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden****Oppsummering**

Innkalling og dagsorden blei gått igjennom. Olav Klausen er fungerande leiar.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente innkalling og dagsorden med merknad over.

Sak 061/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 09.11.2016**Oppsummering**

Styret hadde følgjande merknadar til protokoll frå styremøte 09.11.2016: Olav Klausen er fungerande leiar.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 09.11. 2016 med merknad over.

Sak 062/16 Sluttrapport utredning nasjonalt sjukehusapotekforetak**Oppsummering**

Det vert vist til sak 058/16 i styremøte den 9.nov 2016.

Det føreligg sluttrapport frå prosjekt «utredning av felles sykehusapotekforetak». Rapporten vart godkjent av styringsgruppa i prosjektet den 14.oktober i år. Prosessen vidare er at det vert gjennomført regionale forankringsrundar før saka vert lagt fram for det nasjonale AD-møtet den 12. desember. Styret i Sjukehusapoteka Vest vert i denne saka bedne om å vedta ein uttale til Helse Vest som kan innarbeidast i ei samla tilbakemelding frå regionen til prosjektet. Saka var drøfta med fagforeiningane i Sjukehusapoteka Vest 03.11.16.

Styret drøfta utkast til uttale som låg ved saka.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Sjukehusapoteka Vest vil ikkje tilrå ein samanslåing på bakgrunn av den føreliggande utgreiinga. Styret tilrår at det heller blir utgreia korleis ein kan realisera gevinstar utan å gjennomføre ein samanslåing av apotekforetaka. Styret ynskjer at dei momenta som går fram av uttale vert teken opp til vurdering i den vidare handsaminga.

Sak 063/16 Revidert møteplan 2017**Oppsummering**

Årsplan Styre i Sjukehusapoteka Vest var opphavleg handsama i styremøte 04.10.16, sak 050/16.

Ein har i ettertid fått avklara at det skal haldas nasjonalt direktørmøte 31. mai 2016.

Administrasjonen legg av den grunn fram forslag om ny dato for styremøte i mai; måndag 29. mai kl 13:00-16:00.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek revidert årsplan for styret i Sjukehusapoteka Vest 2017 med følgande endringar; Styremøte og Strategisamling vert halde 1. mars. 2017. Styremøte tysdag den 30. mai 2017 i Stavanger etter klokka 15:00.

**Sak 064/16 Eventuelt
Skriv og meldingar**

Ingen saker meld.

Ref. Berit Berntsen
17.11.2016

Olav Godtfred Klausen	Fungerande styreleiar
Jon Bolstad	Medlem
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Per Karlsen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Bente Mari Rolfsnes	Medlem
Gunvald Iversen	Medlem